



sparebankstiftinga  
sogn og fjordane



# ÅRSMELDING 2016

# INNHOLD

- 3** Om Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane
- 4** Sparebankstiftinga sine styrande organ
- 5** Styring og kontroll med stiftinga si verksemrd
- 7** Årsmelding for 2016
- 8** Årsrekneskap 2016
- 10** Notar til rekneskapen 2016
- 17** Revisjonsmelding 2016
- 20** Gåver til allmennyttige føremål

Verdiskaping for mangfold,  
trivsel og utvikling

[www.sparebankstiftinga.no](http://www.sparebankstiftinga.no)

GRAFISK UTFORMING:  
Sparebanken Sogn og Fjordane /  
E. Natvik Prenteverk AS

# Om Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane

Sidan 1820-åra har sparebankane vore viktig for utviklinga i landet vårt. At ein hadde ein lokal sparebank vart jamvel eit symbol på framgang i seg sjølv. På midten av førre århundret hadde ein over 600 lokalt eigde sparebankar der ein kunne få kapital til å investere i eigen velstand på gode vilkår. Overskotet i banken vart pløygd tilbake som allmennytige gåver til det lokalsamfunnet som hadde skapt verdiane.

Sjølv om organiseringa har endra seg i løpet av desse snart 200 åra, er grunntanken og filosofien den same. 23 lokale sparebankar har etter kvart blitt til Sparebanken Sogn og Fjordane, som syter for bankdrifta. Overskotet går til eigarane Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane (93,91%), Sparebankstiftinga Fjaler (5,92 %) og tilsette i Sparebanken Sogn og Fjordane (0,17%).

Vi sikrar eit stabilt og forsvarleg lokalt eigarskap, og forvaltar tradisjonane med å gje overskotet attende til samfunnet som har skapt det.

## VERDIANE VÅRE

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane vel å «investere» banken sitt overskot i tre kjerneverdiar: Midlane skal bidra til verdiskaping for **trivsel**, **mangfald** og **utvikling** i Sogn og Fjordane. Difor leitar vi etter tiltak som kan glede mange menneske over tid. Dette kan vere innanfor kunst og kultur, idrett, miljø og klima eller utvikling av nærmiljø – det viktigaste for oss er at gåvene frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane utløyser aktivitet, entusiasme og engasjement i fylket vårt.

## 2016 – Nytenking om næring

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane vart etablert i 2010 og delte ut sine første gåver i 2011. Dette vart gjort gjennom to søknadsrundar; ein på våren og ein på hausten. Søknadsrundane vart seinare supplert med ein fortløpende søknadsordning kalla «forenkla søknad», for rask avklaring av mindre gavebeløp (inntil 10 000 kroner). Denne ordninga utgjer ca halvparten av dei om lag 700 søknadane stiftinga får kvart år.

I tillegg til dei innsendte søknadane, deler stiftinga ut midlar på eige initiativ. Denne andelen har auka jamnt og trutt dei siste åra, i takt med at stiftinga gjer seg erfaring med kva tiltak som har mest positiv samfunnsnyttig effekt. Slike initiativ

utgjorde i overkant av ein tredel av gåvemidlane i 2016. Det er særleg prosjekt innan overordna næringstiltak som har nytt godt av stiftinga sine eigne initiativ, samt utdanningstilbod tilrettelagt for det regionale næringslivet sine behov. Stiftinga har òg tatt initiativ til større prosjekt innan fysisk aktivitet og folkehelse.

Sparebankstiftinga har frå 2014 vore representert i styret i Stiftelsesforeningen ved kultursjef Pål Fidjestøl, og frå 2015 i Vestnorsk Sparebanklag sin programkomité ved direktør Kjell Sandnes. Dette er i tråd med stiftinga sine ambisjonar om å ta med-ansvar for utviklinga av stiftingssektoren nasjonalt.

# Sparebankstiftinga sine styrande organ

Generalforsamlinga er stiftinga sitt høgaste organ og skal ha 12 medlemer og 4 varamedlemer. Samansettinga skal spegle kundestrukturen i Sparebanken Sogn og Fjordane som skipa stiftinga, og andre samfunnsmessige interesser knytt til Sparebankstiftinga si verksemd. Medlemene skal veljast av og mellom innskytarar med bustadadresse Sogn og Fjordane, og som dei siste seks månader før kunngjeringa av valet har hatt innskot over 500 kroner i Sparebanken Sogn og Fjordane. Medlemene blir valde for 4 år, medan varamedlemene blir valde for eitt år om gongen.

Sparebankstiftinga gjennomførte 7. – 9. mars 2016 innskytarval på 3 ordinære medlemer og 4 varamedlemer, ved at kundane stemde elektronisk.

Den årlege ordinære generalforsamlinga fastset dei økonomiske rammene for gåvetildeling etter framlegg frå styret. I tillegg skal generalforsamlinga godkjenne stiftinga sitt årsoppgjer og føre tilsyn med stiftinga si verksemd, fastsette godt-gjersle til styret, føreta val av revisor og fastsette revisor si godtgjersle.

Styret skal ha 3 – 8 medlemer og 2 varamedlemer. Styret si samansetting skal reflektere samansettinga av dei grupper som har stemmerett på generalforsamlinga.

Styret skal sjå til at stiftinga sine midlar blir forvalta i samsvar med stiftinga sitt føremål og at verksemda er i samsvar med gjeldande lover, reglar og vedtekter. Styret skal også syte for utdelinga av gåver innanfor dei rammer som generalforsamlinga har bestemt.

## GENERALFORSAMLING:

### Medlemer

Jon Gimmestad, Sandane (leiar)  
Bente Nesse, Vadheim (nestleiar)  
Tom Joensen, Davik  
Linda Hovland, Dale  
Jørill Hovland, Sogndal  
Anne Margrethe Øvsthus, Førde  
Arne Klausen, Holmedal  
Jarl Tyssekvam, Sande  
Gro Rukan, Eikefjord  
Inger Birgitte Flatjord Kjøsnes, Skei  
Britt Tjønneland, Førde  
Åge Avedal, Førde

### Varamedlemer

1. Birte Elin Kjørvik Fossheim, Gloppen
2. Laila Johannessen, Hyllestad
3. Monika Refvik, Vågsøy
4. Maike Norman Bøe, Gulen

## STYRET:

### Medlemer

Lise Mari Haugen, Askvoll (styreleiar)  
Aslaug Nesje Bjørlo, Sandane (nestleiar)  
Tore Jakob Madsen, Florø  
Aage Engesæter, Sogndal  
Vegard Strand, Fjaler

### Varamedlemer

Laila Vilnes Helgheim, Førde  
Leidulf Gloppestad, Gloppen

## ADMINISTRASJON:

Direktør Kjell Sandnes  
Kultursjef Pål Fidjestøl

# Styring og kontroll med stiftinga si verksemد

## STRATEGI, RUTINAR OG KONTROLL

Som langsiktig og dominerande eigar i Sparebanken Sogn og Fjordane forvaltar Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane store verdiar. Gjennom dette og ansvaret for utdeling av gåver til allmennytige formål har vi også eit stort samfunnsansvar. For å sikre eit godt omdømme har styret vedtatt styringsprinsipp som skal gi samfunnet, styremakter og styrande organ tryggheit for at stiftinga sine formål blir innfridd og at verdiane i stiftinga blir sikra for framtida.

Styret har utarbeidd ein forvaltningsstrategi som skal sikre at stiftinga sine verdiar blir forvalta på ein sikker og god måte, og at verdiane ikkje vert eksponerte for uventa hendingar. Det er også utarbeidd ein samhandlings- og eigarstrategi, som skal sikre at stiftinga kan oppfylle målet om eit tilfredsstillande utbytte og god verdiauke på eigenkapitalbevisa.

Forvaltningsstrategien fastset elles at det skal settast av reserve til framtidige kapitalutvidingar i Sparebanken Sogn og Fjordane. I tillegg skal det settast av reserve tilsvarende tre års drift og gåveutdelingar for å sikre kontinuitet i gåvearbeidet. Begge reservane skal vere plassert i aktiva med låg risikoprofil (bankinnskot/verdipapirfond).

Ansvarsfordeling mellom styret og administrasjon og reglar for rapportering til styret er fastsett gjennom instruks for styret og dagleg leiar, prinsipp for styring og kontroll og rutine for risikostyring. I tillegg er det utarbeidd rutine for tenestekjøp, rutine for rekneskapsføring og rutine for gåvetildeling. Etterleving av desse rutinane er rapportert til styret saman med vurdering av internkontrollen. Det er sett i verk tiltak for forbetingar på område der det er påvist behov. Risikosituasjonen blir rapportert til styret periodisk.

Stiftinga kjøper på forretningsmessig grunnlag tenester frå Sparebanken Sogn og Fjordane. Dette omfattar i hovudsak rekneskapsføring, it-tjenester, marknadsføringstenester og andre prosjektretta oppgåver.

## OPENHEIT

Informasjon til banken og stiftinga sine interessegrupper om styrande organ, prosess for gåveutdeling og framtidige investeringar er viktige element i god styring av verksemda. Stiftinga har difor eigen nettside der informasjon om styrande organ, vedtekter, strategi, etiske retningslinjer, søknadsskjema for gåver, søknadsfristar og praktiske opplysningar til søkerar blir lagt ut.

Liste over tildelte gåver er lagt ut på stiftinga sine heimesider. Etter kvart som det blir aktuelt vil også opplysningar om stiftinga sin investeringsportefølje bli lagt ut.

## FORVALTNING

I forvaltning av stiftinga sine verdiar skal det takast utgangspunkt i at stiftinga skal byggje kapasitet til å kunne delta i framtidige kapitalutvidingar i Sparebanken Sogn og Fjordane, samstundes som at ein skal sikre stabil drift med gåvetildeling. Stiftinga skal ha evigvarande drift som utgangspunkt for si kapitalforvaltning og skal ikkje investere i høgrisikoprodukt. Det skal også visast stor grad av aktsemd for å unngå investeringar som utgjer ein risiko for medverknad til uetiske handlingar, krenking av menneske og arbeidstakarrettar, korruption og miljøøydeleggingar.

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane er med sin dominerande eigarandel i Sparebanken Sogn og Fjordane banken sin viktigaste kjelde til eigenkapital i vanskelege tider. Samtidig er utbytte frå banken stiftinga si viktigaste inntektskjelde. Med dette som utgangspunkt vil styre og administrasjon arbeide for eit godt samarbeid som bidrar til verdiskaping både for bank og stifting. Stiftinga vil aktivt søkje posisjonar i banken sine styrande organ, og er i dag representert i både forstandarskap, styret og valnemnd.

I konkrete saker vil stiftinga, med utgangspunkt i eigne vedtekter, støtte tiltak som gir eigenkapitalbevisa i Sparebanken Sogn og Fjordane god og stabil verdiutvikling og høg direkteavkastning i form av utbyte. Følgjande hovudprinsipp vil vere førande for oppfølging av stiftinga sitt eigarskap i Sparebanken Sogn og Fjordane:

- Banken skal drive si verksemd i tråd med norske sparebanktradisjonar og verdiar
- Banken skal ha hovudkontoret i Sogn og Fjordane
- Banken skal ha ein moderat risikoprofil og god balanse mellom bedrifts- og personmarknad
- Banken sine tenester skal vere distribuert på ein god og effektiv måte.

#### ETISKE RETNINGSLINJER

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane er avhengig av full tillit frå alle interessegrupper; søkerar av gåvemidlar, styresmakter, leverandørar og andre forretningsband, tilsette og frå folk flest. Det må ikkje vere tvil om tillitsvalde og tilsette sin profesjonalitet og integritet.

Det er difor utarbeidd etiske reglar som inneholder generelle prinsipp for aktsemd ved utøving av arbeid eller verv for stiftinga. Reglane gjeld for medlemer i styrande organ og alle tilsette.

# Årsmelding 2016

## EIGEDELAR

Eigdelane i Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane består av

- Eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og Fjordane (bokført verdi på kr 1 843 499 940 etter deltaking i retta emisjon i Sparebanken Sogn og Fjordane med 60 millionar kroner i 2016.)
- Likvide midlar
- Fordringar

## FØREMÅL MED VERKSEMDA

Føremålet med Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane er å vidareføre sparebanktradisjonane gjennom å forvalte eigenkapitalbevisa og stå for eit langsiktig eigarskap av Sparebanken Sogn og Fjordane, og gi gåver til allmennytige føremål.

## BALANSE

Stiftinga sin forvaltningskapital er ved årsskiftet på 1 887 638 162 kroner. I tillegg til eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og Fjordane, har stiftinga eit bankinnskot på 37 814 534 kroner og aksje- og obligasjonsfond på 6 317 228 kroner.

## RESULTAT OG DISPONERING AV OVERSKOT

Hovudinntektene i rekneskapen for 2016 er utbyte frå Sparebanken Sogn og Fjordane på kr 49 600 027.

Driftskostnadane for 2016 utgjer kr 4 780 296 og er knytt til dagleg drift av Sparebankstiftinga. Ein del av driftskostnadane er knytt til formålsbasert aktivitet, men det har vi ikkje spesifisert. Dette gir eit årsresultat på 46 291 957 kroner.

Overskotet frå 2016 blir foreslått disponert slik:

- Avsetning til gåver i 2017: kr 18 000 000
- Avsetning til Gåvefond: kr 28 000 000
- Avsetning til Annan eigenkapital: kr 291 957

Føresetnader for fortsatt drift er til stades.

Førde 22. februar 2017


Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane



Lise Mari Haugen  
Styrelseiar




Aage Engesæter  
Styremedlem



Aslaug Nesje Bjørlo  
Nestleiar



Vegard Strand  
Styremedlem



Tove Jakob Madsen  
Styremedlem



Kjell Sandnes  
Direktør

## STYRANDE ORGAN

Generalforsamlinga er stiftinga sitt høgaste organ og har 12 medlemer; 5 menn og 7 kvinner. Medlemmene blir valde mellom Sparebanken Sogn og Fjordane sine kundar og blir valde for 4 år. I mars 2016 vart det gjennomført val på tre ordinære medlemer og fire varamedlemmer. Kundane stemde elektronisk etter å ha fått tilsendt røystesetel på e-post. I førekant av avstemminga kunne alle kundane foreslå kandidatar. 2113 personar avga stemme ved valet, noko som var ein oppgang på over 20% frå året før.

Styret har 5 medlemmer; 2 kvinner og 3 menn.

Styrande organ er nærmere gjort greie for i eigen artikkel i årsmeldinga og på Sparebankstiftinga sine heimesider [www.sparebankstiftinga.no](http://www.sparebankstiftinga.no)

## ADMINISTRASJON

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane leiger kontor i Sparebanken Sogn og Fjordane sine lokale i Førde. Administrasjonen består av direktør Kjell Sandnes og kultursjef Pål Fidjestøl.

Styret vil arbeide for at stiftinga skal ha eit godt arbeidsmiljø. I dette ligg å arbeide for eit likestillings- og likeverdoperspektiv og eit godt samarbeidsklima. Verksemda i stiftinga forureinar ikkje det ytre miljøet. Vilkår for vidare drift er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapen. Den framlagde rekneskapen gir ei korrekt framstilling av stiftinga si økonomiske stilling.

# Resultat

TAL I TUSEN KRONER

<b>DRIFTSKOSTNADER</b>	<b>Note</b>	<b>2016</b>	<b>2015</b>
Lønn, honorar og andre personalkostnader	7,8,9	2 726	2 959
Andre driftskostnader	9,10	2 054	2 037
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>4 780</b>	<b>4 996</b>
<b>DRIFTSRESULTAT</b>		<b>- 4 780</b>	<b>- 4 996</b>
<b>FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER</b>			
Finansinntekter		1 331	1 236
Utbytte	3	49 726	41 498
Finanskostnader		- 65	- 63
Nedskrivning av finansielle instrument	3	80	- 136
<b>Netto finansposter</b>		<b>51 072</b>	<b>42 534</b>
<b>ÅRSRESULTAT</b>		<b>46 292</b>	<b>37 538</b>
<b>Opplysningar om årsoppgjerdidisposisjonar:</b>			
Avsette gåver		18 000	18 000
Overført frå / til gávefond		28 000	18 740
Overført frå / til annan eigenkapital		292	798
<b>Sum disponert</b>		<b>46 292</b>	<b>37 538</b>

# Balanse

TAL I TUSEN KRONER

## EIGEDELAR

### Anleggsmidlar

#### Finansielle anleggsmidlar

	Note	2016	2015
Investering i eigenkapitalbevis	2	1 843 500	1 783 500
Investering i aksje og obligasjonsfond	3	6 317	6 111
<b>Sum finansielle anleggsmidlar</b>		<b>1 849 817</b>	<b>1 789 611</b>

#### Omløpsmidlar

Fordringar	6	1
<b>Sum fordringar</b>		<b>6</b>

#### Bankinnskot

<b>Sum bankinnskot</b>	4	37 815	67 726
<b>Sum omløpsmidlar</b>		<b>37 821</b>	<b>67 726</b>

#### SUM EIGEDELAR

<b>SUM EIGEDELAR</b>		<b>1 887 638</b>	<b>1 857 337</b>
----------------------	--	------------------	------------------

## EIGENKAPITAL OG GJELD

### Eigenkapital

#### Innskoten eigenkapital

Grunnkapital	5	1 783 500	1 783 500
<b>Sum innskoten eigenkapital</b>		<b>1 783 500</b>	<b>1 783 500</b>

#### Opptent eigenkapital

Opptent eigenkapital	5	16 466	16 234
Gåvefond	5	57 000	29 000
<b>Sum oppent eigenkapital</b>		<b>73 466</b>	<b>45 234</b>
<b>Sum eigenkapital</b>		<b>1 856 966</b>	<b>1 828 734</b>

#### Langsiktig gjeld

Pensjonsansvar	6,8	162	431
<b>Sum langsiktig gjeld</b>		<b>162</b>	<b>431</b>


#### Kortsiktig gjeld


Skuldig skattetrekk og arbeidsgjeveravgift		197	185
Leverandørgjeld		80	119
Avsette gåvemidlar	6	29 681	27 549
Annan kortsiktig gjeld		553	320
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>30 510</b>	<b>28 172</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>30 673</b>	<b>28 604</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>1 887 638</b>	<b>1 857 337</b>

Førde 22. februar 2017

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane

  
Lise Mari Haugen  
Styrelseiar

  
Aage Engesæter  
Styremedlem

  
Aslaug Nesje Bjørlo  
Nestleiar

  
Vegard Strand  
Styremedlem

  
Tore Jakob Madsen  
Styremedlem

  
Kjell Sandnes  
Direktør

# Notar

## NOTE 1 REKNEKAPSPrINSIPP

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane vart stifta 17. august 2010 og er lokalisert i Førde. Grunnkapitalen i stiftinga vart etablert 1. september 2010 i samband med at Sparebanken Sogn og Fjordane vart omdanna til eigenkapitalbevisbank. Årsrekneskapen er utarbeidd i samsvar med rekneskapslova og god rekneskaps-skikk.

### Klassifisering og vurdering av balansepostar

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfall til betaling innan eitt år etter anskaffing. Andre postar er klassifisert som anleggsmiddel/langsiktig gjeld. Omløpsmidlar blir vurdert til lågaste verdi av anskaffelsekost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på oppnakstidspunktet. Langsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet. Varige driftsmiddel blir nedskreve til gjenvinnbart beløp ved verdifall som blir forventa ikkje å vere forbigåande. Gjenvinnbart beløp er det høgaste av netto salsverdi og verdi i bruk. Verdi i bruk er noverdi av framtidige kontantstraumar knytt til eigedelen. Nedskrivinga blir reversert når grunnlaget for nedskrivinga ikkje lenger er til stades.

### Gåvemidlar

Gåvemidlar blir bokført etter prinsipp om artsinndeling. Styret vedtek omfang av gåver til utdeling. Dette blir bokført som resultatdisponering og blir avsett som kortsiktig gjeld «Avsette gåvemidlar» og redusert i takt med utbetaling.

### Inntektsføring frå finansielle instrument

Inntekter frå finansielle instrument vert resultatført når det vesentlege av risiko og avkastning er overført. For utbytte inneber det normalt inntektsføring i utdelingsåret, med mindre det er ein betydeleg sannsynlig-hetsovervekt for slik utdeling på balansedagen. Inntektsføring kan i dei tilfella skje i avsetningsåret.

### Skatt

Stiftinga driv ikkje skattepliktig verksemد og er ikkje skattepliktig jfr. Skattelova sine reglar om skattefrie institusjonar.

### Pensjonar

#### 1. Ytingsbaserte ordningar

Stiftinga har i 2016 avslutta den ytingsbaserte ordninga, og det er ingen forplikting knytt til denne ordninga pr. 31.12.2016. Dei tilsette er etter avviklinga inkludert i den innskotsbaserte pensjonsordninga og ei kompensasjonsordning som erstattning for redusert pensjon.

I samsvar med IAS 19 er pensjonskostnaden delt opp og kostnaden med pensjonsopptening og netto renteinntekter-/kostnad er resultatført. Verdiregulering som følgje av estimatavvik er ført direkte mot eigenkapitalen.

#### 2. Innskotsbaserte ordningar

Alle tilsette har etter 1.6.2016 innskotsbasert ordning. Innskotsbaserte pensjonsordninga inneber at stiftinga ikkje gir løfte om framtidig pensjon på eit fast nivå, men betalar eit årleg innskot til ei kollektiv pensjons-ordning. Den framtidige pensjonen vil avhenge av storleiken på innskotet og den årlege avkastninga på pensjonssparingen. Stiftinga har ikkje noko ansvar for dette utover å innbetale det årlege innskotet. Det er ingen avsetning for påkome pensjonsansvar i slike ordningar. Innbetalingar til innskotsbaserte pensjons-ordningar blir kostnadsført direkte i den enkelte rekneskapsperiode.

#### 3. Kompensasjonspensjon

For dei tilsette som hadde ytingsbasert pensjonsordning ved avvikling av denne i 2016 er det inngått avtale om kompensasjon for redusert pensjon. Denne forpliktinga er berekna for den enkelte tilsette og oppkening pr. 31.12 og er ført som pensjonsforplikting i balansen.

Pensjonskostnader for året blir ført netto i resultatrekneskapen under posten «Lønn, honorar og andre personalkostnader».

## NOTE 2 EIGENKAPITALBEVIS I SPAREBANKEN SGN OG FJORDANE

Stiftinga har slik eigarandel i Sparebanken Sogn og Fjordane:

TAL I HEILE KRONER	Eigarandel	Tal eigen-kapitalbevis	Pålydande	Kostpris
Sparebanken Sogn og Fjordane	93,91 %	18 296 538	100	1 843 499 940

Iflg. vedtekten til Sparebanken Sogn og Fjordane er det fastsett at eigarandelskapitalen maksimalt kan ha 40% stemmerett i forstandarskapet. Det er difor ikkje aktuelt å utarbeide konsernrekneskap.

Eigenkapitalbevisa som Stiftinga eig i Sparebanken Sogn og Fjordane er bokført som anleggsmidlar ut frå at dei er bestemt til varig eige. I mangel på børsnotering av eigenkapitalbevisa er verdien vurdert ut frå tilgjengeleg informasjon basert på rekneskapstal. Ut frå gjennomført verdivurdering av banken sin marknadsverdi er konklusjonen at nedskrivning ikkje er aktuelt pr. 31.12.16 og at verdien av stiftinga sine eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og Fjordane blir sett lik anskaffelseskost.

### Nøkkeltal frå Sparebanken Sogn og Fjordane kvartalsrapport 4. kvartal 2016 (konsern):

TAL I MILLION KRONER	2016	2015
<b>Resultatrekneskap</b>		
Totalresultat	<b>340</b>	<b>352</b>
<b>Balanse</b>		
Eigenkapitalbevis	1 948	1 895
Overkurs	16	0
Utjamningsfond	1 254	951
<b>Sum eigarandelskapital</b>	<b>3 218</b>	<b>2 846</b>
Grunnfond	445	394
<b>Sum grunnfondskapital</b>	<b>445</b>	<b>394</b>
Fond for urealiserte vinstar	124	124
Annan eigenkapital	123	148
Hybridkapital	150	0
Avsett til utbytte, gåver	19	60
<b>Sum eigenkapital</b>	<b>4 079</b>	<b>3 571</b>

## NOTE 3 INVESTERING I AKSJE OG OBLIGASJONSFOND

Pr. 31.12. har stiftinga følgjande investeringar

TAL I HEILE KRONER	Kostpris	Marknads-verdi 31.12.	Ned-skrive	Bokført verdi 31.12.	Innteksført utbytte i år
Aksjefond DNB Norge Indeks	500 000	568 489	0	500 000	0
Aksjefond DNB Global Indeks	500 000	780 683	0	500 000	0
Obligasjonsfond DNB Aktiv Rente	5 481 158	5 317 228	163 930	5 317 228	125 717
<b>Sum aksje- og obligasjonsfond</b>	<b>6 481 158</b>	<b>6 666 400</b>	<b>163 930</b>	<b>6 317 228</b>	<b>125 717</b>

## NOTE 4 BANKINNSKOT

TAL I HEILE KR	2016	2015
Bundne skattetrekksmidlar	139 796	122 070

## NOTE 5 EIGENKAPITAL

TAL I TUSEN KRONER	Grunnkapital	Opptent eigenkapital	Gåvefond	Sum
<b>Eigenkapital 31.12.2014</b>	<b>1 783 500</b>	<b>15 303</b>	<b>26 172</b>	<b>1 824 975</b>
Estimatavvik pensjon	0	133	88	221
Årsresultat	0	798	36 740	37 538
Avsett til gåver	0	0	- 34 000	0
<b>Eigenkapital 31.12.2015</b>	<b>1 783 500</b>	<b>16 234</b>	<b>29 000</b>	<b>1 828 734</b>
<b>Eigenkapital 31.12.2015</b>	<b>1 783 500</b>	<b>16 234</b>	<b>29 000</b>	<b>1 828 734</b>
Estimatavvik pensjon	0	- 60	0	- 60
Årsresultat	0	292	46 000	46 292
Avsett til gåver	0	0	- 18 000	- 18 000
<b>Eigenkapital 31.12.2016</b>	<b>1 783 500</b>	<b>16 466</b>	<b>57 000</b>	<b>1 856 966</b>

I ekstraordinær generalforsamling 18. oktober 2016 vart det vedteke å nedskrive Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane sin grunnkapital med kr 375 000 000 og overføre beløpet til fri eigenkapital. Finanstilsynet har den 22. desember 2016 godkjent å nedsette grunnfondskapitalen frå kr 1 783.500 000 til kr 1 408 500 000. Reduksjonen er kunngjort 17. januar 2017 i Foretaksregisteret og kreditorfristen for krav og motseiingar er 28. februar 2017. Kapitalendringa blir bokført når kreditorfristen er gått ut og transaksjonen endeleg er registrert gjennomført i Brønnøysundregistera.

## NOTE 6 FORDRINGAR OG GJELD

TAL I HEILE KRONER	2016	2015
Fordringar med forfall seinare enn 1 år	0	0
Langsiktig gjeld med forfall innan 5 år	162 066	431 320
<b>Gåvemidlar</b>		
Avsette gåvemidlar pr. 1.1.	27 548 567	5 914 930
Tilført gåvemidlar - generalforsamling 9.4.2015	0	16 000 000
Utbetalte gåver	- 15 897 999	- 12 470 377
Utbetalte gåver, returnert	30 000	104 014
Tilført gåvemidlar - frå resultatdisposisjonar	18 000 000	18 000 000
<b>Avsette gåvemidlar pr. 31.12.</b>	<b>29 680 568</b>	<b>27 548 567</b>
Avsett gåvemidlar tildelt, ikke utbetalt pr. 31.12.	7 973 900	6 877 399
Avsett gåvemidlar ikkje tildelt pr 31.12.	21 706 668	20 671 168
<b>Avsette gåvemidlar pr. 31.12.</b>	<b>29 680 568</b>	<b>27 548 567</b>

## NOTE 7 LØNSKOSTNADER, GODTGJERSLE, TAL TILSETTE

TAL I HEILE KRONER

Lønskostnader	2016	2015
Løn m.m	2 406 185	2 263 752
Arbeidsgjevaravgift	310 496	292 948
Pensjonskostnader	- 59 773	308 447
Anna	69 466	93 647
<b>Sum</b>	<b>2 726 375</b>	<b>2 958 794</b>
Tal årsverk	2	2
Tal tilsette pr. 31.12.	2	2

## NOTE 8 PENSJONSANSVAR

### Generelt

Stiftinga er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjonsforsikring. Stiftinga har pensjonsordning som tilfredsstiller krava i denne lova. Stiftinga har følgjande pensjonsordningar:

#### 1. Ytingsbasert pensjonsordning

Stiftinga hadde fram til 1.6.2016 ytingsbasert pensjonsordning. Alle tilsette har frå 1.6.2016 fått innskotsbasert pensjonsordning og ei kompensasjonsordning som erstatning for redusert pensjon.

Den ytingsbaserte pensjonsordninga er sikra gjennom eit forsikringsselskap og omfattar alderspension, uførepensjon, ektefelle- og barnepensjon. Full pensjon krev ei oppteningstid på 30 år og gir rett til alderspension på tilnærma 70 prosent av sluttløn inkludert yting frå Folketrygda. Ved avslutning av arbeidsforholdet før pensjonsalder og ved avviklinga 1.6.2016 vart det utført fripolisar. Uføre- og etterlattepension for dei tilsette og etterlattepension for alderspensionistar har ei risikodekning utan kapitaloppbygging. Etter avslutning av ordninga er den bokførte forpliktinga tilbakeført. Kostnad med pensjonsordninga for 2016 vart negativ med kr 312 494 (reduksjon av kostnad) inkludert arbeidsgjevaravgift. Det vil ikkje påkome ytterlegare kostnader for denne ordninga.

#### 2. Innskotspensjon

Stiftinga har innskotspensjonsordning for alle tilsette frå 1.6.2016. Innskotspensjonsordninga inneber at stiftinga innbetalar til ei innskotspensjonsordning i eit forsikringsselskap. I 2016 utgjer innbetalinga 7 % av ordinær lønn opp til 7,1 G og 15 % av ordinær lønn mellom 7,1 og 12 G. Dei tilsette kan sjølv velje når dei vil ta ut innskotspensjon, men tidlegast frå fylte 62 år og seinast ved fylte 75 år. Normal utbetalingstid er 10 år. Innbetalt pensjonskapital og tilhøyrande avkastning med frådrag av administrasjonskostnader, er den enkelte tilsette sin eigedom og ordninga kan arvast, dersom den tilsette skulle falle frå før pensjonsmidlane er utbetalet. Innskotspensjonsordninga er ikkje balanseført. Det er i 2016 kostnadsført kr 104 120 for denne pensjonsordninga inkludert arbeidsgjevaravgift. Estimert kostnad for 2017 er på kr 180 000.

#### 3. Kompensasjonspensjon

For dei tilsette som hadde ytingsbasert pensjonsordning ved avslutning av denne 1.6.2016 og som fekk lågare pensjon ved overgang til innskotspensjon er det inngått ei avtale om kompensasjon for redusert forventa pensjon. Kompensasjonspensjonen er usikra. Forpliktinga er utrekna for den enkelte ut frå kva som opptent pr. 31.12 og er ført som pensjonsforplikting i balansen. Det er i 2016 kostnadsført kr 162 066 for denne pensjonsordninga inkludert arbeidsgjevaravgift. Estimert kostnad for 2017 er kr 278 000.

#### 3. Avtalefesta førtidspensjonsordning (AFP)

Rekneskapsmessig er ordninga vurdert som ei ytingsbasert fleirføretaksordning. Den nye AFP-ordninga blir finansiert gjennom premieinnbetalingar og er rekna inn i rekneskapen som ei innskotsordning, fordi pensjonsansvaret ikkje kan identifiserast påliteleg. Det er følgjeleg ikkje føretatt avsetning i balansen for ordninga. Den nye AFP-ordninga inneber at tilsette kan slutte med AFP, eller ta ut delvis AFP frå dei fyller 62 år. AFP-ordninga er basert på eit samarbeid av tre partar mellom arbeidsgjevarorganisasjonar, arbeidstakarorganisasjonar og staten. Staten dekkjer 1/3 av pensjonsutgiftene til AFP medan tilslutta føretak dekkjer 2/3. Føretak som deltar i ordninga er solidarisk ansvarlege for 2/3 av pensjonen som skal betalast. Ansvoaret gjeld både manglande innbetaling og dersom premiesatsen viser seg å vere utilstrekkeleg. Alle tilsette i stiftinga er med i ordninga. Ved uttak vil det bli rekna ut ein årleg pensjon på grunnlag av pensjonsgjevande inntekt opp til 7,1G frå fylte 13 år til og med fylte 61 år. Ordninga er administrert av Fellesordninga for AFP, som også fastset og krev inn premie. I 2016 utgjorde premien 2,5 % av lønn mellom 1 G og 7,1 G og i 2017 vil premien vere 2,5 %. Samla kostnad for AFP ordninga er kr 15 095 for 2016 inkludert arbeidsgjevaravgift. For 2017 er kostnaden estimert til kr 16 000.

## NOTE 8 PENSJONSANSVAR, framhald

### Sum pensjonskostnad og forplikting

<b>Pensjonskostnad inkl. arbeidsgjevaravgift</b>	<b>2016</b>	<b>2015</b>
Ytingsbasert pensjonsordning	- 312 494	339 852
Innskotspensjon	104 120	0
Kompensasjonspensjon	162 066	0
Avtalefesta førtidspensjonsordning (AFP)	15 095	14 139
<b>Sum</b>	<b>- 31 213</b>	<b>353 992</b>
<b>Pensjonsforplikting inkl. arbeidsgjevaravgift</b>	<b>31.12.2016</b>	<b>31.12.2015</b>
Ytingsbasert pensjonsordning	0	431 320
Innskotspensjon	0	0
Kompensasjonspensjon	162 066	0
Avtalefesta førtidspensjonsordning (AFP)	0	0
<b>Sum</b>	<b>162 066</b>	<b>431 320</b>

## NOTE 9 YTINGAR/GODTGJERSLE TIL DAGLEG LEIAR, STYRET OG REVISOR

### Ytingar til leiande personar

TAL I HEILE KRONER	Dagleg leiari	Styre	General-forsamling
Lønn	1 125 116	417 000	119 250
Naturalytingar	31 548	0	0
Pensjonskostnader	234 711	0	0
<b>Sum</b>	<b>1 391 374</b>	<b>417 000</b>	<b>119 250</b>

Leiande tilsette har ikkje avtale om bonus eller aksjebasert avlønning.  
Det er ikkje ytt lån til medlemmer av styret eller tilsette.

### Godtgjersle til revisor

	<b>2016</b>	<b>2015</b>
Revisjon	47 500	47 438
Andre ytingar	182 565	0
<b>Sum godtgjersle inkl. mva</b>	<b>230 065</b>	<b>47 438</b>

## NOTE 10 DRIFTSKOSTNADER

### Andre kostnader

TAL I HEILE KRONER	<b>2016</b>	<b>2015</b>
Aktivitets- og arrangementkostnader vedkomande gåver	279 479	844 547
Konsulent- og bistandtenester frå SSF	309 540	291 037
Andre konsulent- og bistandtenester	493 803	114 263
Kontorkostnader	318 663	274 507
Andre driftskostnader	652 437	512 668
<b>Sum andre driftskostnader</b>	<b>2 053 922</b>	<b>2 037 021</b>

## NOTE 11 GÅVEUTDELING

Gåver pr motteke søknad:

Søkjær	Gåvebeløp		
4H Sogn og Fjordane	300 000	Gøyanger	10 000
Annai Poopathi tamilsk kultursenter avd. Florø	5 000	Haugen Idrettslag	10 000
Askvoll ungdomsklubb	5 000	Helse Førde HF (Helse Førde-stafetten)	10 000
Aurefiskefest i Sunnfjord	10 000	Holmedal ungdomslag	50 000
Balestrand Idrettslag	10 000	Holmøyskarrennet	10 000
Balestrand Skytterlag	50 000	Hornindal IL fotballgruppa	60 000
Balestrand sogelag	10 000	Hornindal næringslag	10 000
Barnas Turlag avd. Gulen	40 000	Høgskulen i Sogn og Fjordane	203 600
Botnane og Årebrot grendalag	10 000	Høyanger kommune - Tuftepark	250 000
Brak (Sogn og Fjordane musikkfond)	100 000	Høyanger Skulemusikk	15 000
Brandsøy Sportsklubb	50 000	Idrettslaget Veten	50 000
Brekke Skulemusikkorps	30 000	Idrottsgaget Jotun	10 000
Bremanger Idrettslag	100 000	IL Brodd	100 000
Bremanger Skulemusikk	15 000	IL Jotun, Turngruppa	10 000
CISV Sogn og Fjordane	50 000	Indre Sunnfjord ettervern	10 000
Dale Idrettslag	210 000	Instedalen skianlegg AS	10 000
Eid Idrettslag	30 000	IT-forum Sogn og Fjordane	200 000
Eikefjord grendalag	100 000	Jostedal spel og dansarlag	10 000
Eikefjord Skulemusikk	30 000	Jølster aurefest AS	50 000
Eivindvik ungdomslag	10 000	Jølster frivilligsentral	110 000
EM vektløfting Sunnfjord 2016 AS	150 000	Jølster Idrettslag	300 000
Fellesanlegget TUA SA	60 000	Jølster IL, alpin	250 000
FH Slagverkgruppa Florø Hornmusikk	25 000	Jølster jazzklubb	10 000
Fjellhug/Vereide IL	13 000	Jølster KFUK-KFUM-speidarar	10 000
Fjordbrass Lavik	10 000	Jølster mottak v/Jølster frivilligsentral	10 000
Fjordkonsertane	30 000	Jølster Musikklag	10 000
Fjærland Idrettslag	10 000	Kalvåg Skulemusikk	15 000
Flora kommune (integreringsprosjekt)	100 000	Kaupanger skule- og ungdomskorps	50 000
Flora tamilske sportsklubb	8 000	Keipen turlag	10 000
Floraskulen Brassband	34 000	Kinnaspelet	65 000
Florø innebandyklubb	9 500	Kontaktutvalet for Olden og Oldedalen	25 000
Florø motorsport klubb	25 000	Krabbefestival på Atløy	30 000
Florø musikkteater	5 000	Kyrkjebø skule og ungdomskorps	10 000
Florø Sportsklubb	100 000	Leikanger kommune	10 000
Florø Sportsklubb handball	65 000	Leikanger Musikklag	10 000
Frelsesarmeen Florø korps	10 000	Leikanger Skyttarlag	100 000
Fres festival	50 000	Loen Idrettslag	50 000
Friidrettsgruppa i Lærdal IL	9 000	Malakoff Rockfestival	10 000
Fritidsområdet F4	10 000	Naturvernforbundet Sogn og Fjordane	80 000
Frydenbø cupen	6 000	Nedre Seim vel	35 000
Førde Idrettslag	7 500	Nordfjord team skiskyting	100 000
Førde køyre- og rideklubb	10 000	Nordsida utviklingslag	25 000
Førde Opp v/Førde Idrettslag	70 000	Norsk Kvernsteinsenter	10 000
Førde seniordans	5 000	Opplev Leikanger	82 500
Førde Skulemusikkorps	10 000	Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane	75 000
Førde ungdomslag	10 000	Redningsselskapet - Norsk Selskab til Skibbrudnes Redning	10 000
Førde volleyballklubb	90 000	Råkane sameiget	10 000
Gloppen musikkforum	9 000	Sandane Golfklubb	100 000
Gloppen næringsorganisasjon	25 000	Sandane Sykkkelklubb	25 000
Gloppen seniordans	10 000	Sandane Turn- og Idrettslag, fotballgruppa	100 000
		Sande Skulemusikk	20 000

Seniornett Førde	9 000	Stryn vaksenopplæringssenter	9 000
Seniornett Gloppe	10 000	Studentsamfunnet i Førde	9 500
Skavøypoll Idrettslag	65 000	Sunnfjord sopp-og nyttevekstforening	8 000
Slåtten grannelag (v/Førde kommune)	100 000	Svelgen kino	10 000
Sogndal Idrettslag, håndball	10 000	Svelgen nord og ned	10 000
Sogn fridykkarklubb	10 000	Svelgen samfunnshus	10 000
Sogn og Fjordane bygdekvinneklag	9 900	Svelgen Songlag	15 000
Sogn og Fjordane folkemusikkklag	35 000	Svelgen Turn- og Idrettsforening	25 000
Sogn og Fjordane fotballkrets	180 000	Teaterfestivalen i Fjaler	50 000
Sogn og fjordane fylkeskommune	17 000	Teaterkompaniet Nordfjord	10 000
Sogn og Fjordane idrettskrins	100 000	Torskangerpoll Musikkklag	10 000
Sogn og Fjordane Røde Kors	300 000	U19 NM i volleyball	10 000
Sogn og Fjordane skikrins	50 000	UL Dæmring	4 000
Sogndal Idrettslag	10 000	Vadheim Skulemusikk	18 000
Solund Skulemusikk	30 000	Vevring og omland fjordfiskarlag	10 000
Stadlandet ungdomslag	10 000	Vie grannelag	150 000
Stavang bygdelag	20 000	Vikane blandakor	10 000
Steia grendalag	30 000	Vikane Skulemusikk	50 000
Stiftinga den norske bokbyen	50 000	Vågsøy motorsportklubb	10 000
Stiftinga Eid frivilligsentral	10 000	Ytre Hafstad grannelag	40 000
Stiftinga Utkant	50 000	Ytre Nordfjord blueskyttere	30 000
Stryn motorhistoriske	25 000	Øen grendalag	60 000
Stryn og Hornindal jeger- og sportsfiskarlag	3 000	Øvre Årdal Janitsjarkorps	60 000
Stryn Turn- og Idrettslag	10 000	Ålfoten Idrettslag	25 000
Stryn ungdomslag	25 000	Årsetbakkane vel	30 000

Summar er slått sammen ved flere gaver til same mottakar.

#### Eigne initiativ:

Furorestipend (8 x 50.000)	400 000
Kåring av Årets Gründer (andel premie)	50 000
Forskningsprosjekt «RELEASE»	400 000
Klatreparkar (4x250.000)	1 000 000
«Bank-gåva» (Sunnfjord Skisenter)	250 000
Rehab balløkker + sandvolley-banar	200 000
Prototypelab v/Tech Yard AS	2 000 000
Bygg- og anleggsstudium	500 000
Stipendiatstilling på tidlegkapital v/HiSF	350 000
SFj Turlag	100 000
Helse Førde «Fjordomics»	1 000 000
Lagseigde kulturbrygg	500 000
KPSF: Prosjekt «NYBROT» (gründerstøtte)	1 000 000
Klatrepark nr 2 (5 x 125000)	625 000
Storfeprosjektet	200 000
Hydrogensatsing, Fylkeskommunen	925 000
Akvahub Hyllestad	80 000
Sogn næring (stisyklingsprosjekt)	250 000
Visit Nordfjord	300 000
Sogn næring (involveringsprosjekt)	50 000
Bedriftsnettverk Gaular v/H. Vallestad	100 000
HiSF Climate Change studium	490 000



Til generalforsamlinga i Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane

Deloitte AS  
Strandavegen 15  
NO-6905 Florø  
Norway

Tlf.: +47 57 75 25 25  
[www.deloitte.no](http://www.deloitte.no)

## MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

### Fråsegn om årsrekneskapen

#### Konklusjon

Vi har revidert Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane sin årsrekneskap som viser eit overskot på kr 46.292.000. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2016, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne dato, og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår mening er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilet av stiftinga si finansielle stilling per 31. desember 2016, og av resultata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne dato, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

#### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisionsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av stiftinga slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

#### Ytterlegare informasjon

Leiinga er òg ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon består av informasjon i årsmeldinga, men omfattar ikkje årsrekneskapen og melding frå uavhengig revisor.

Våre fråsegner om revisjonen av årsrekneskapen og om andre lovmessige krav dekkjer ikkje slik ytterlegare informasjon, og vi atesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og rekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at slik informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

#### Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at han gir eit rettvisande bilde i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ho finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneholder vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilskitta.

Ved utarbeidingsa av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til stiftinga si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at stiftinga vil bli avvikla.

#### Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneholder vesentleg feilinformasjon, verken som følge av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som gir uttrykk for meininga vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at

Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee, and its network of member firms, each of which is a legally separate and independent entity. Please see [www.deloitte.com/no/no/moss](http://www.deloitte.com/no/no/moss) for a detailed description of the legal structure of Deloitte Touche Tohmatsu Limited and its member firms.

Registrert i Føretaksregisteret  
Medlemmer av Den norske Revisorforening  
Organisasjonsnummer: 980 211 282

ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisionsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misleg framferd eller feil som ikke er tilskitta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisionsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikke er tilskitta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følge av misleg framferd ikke blir avdekkta, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikke er tilskitta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feil presentasjonar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeidar vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av stiftinga sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er føremålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av fortsett drift føresethaden i årsrekneskapen er formålstenleg og om det er vesentleg usikkerheit knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betyding om stiftinga si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg usikkerheit, må vi i revisjonsmeldingen gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningars ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserer konklusjonen vår om årsrekneskapen og årsmeldinga. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoan for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at stiftinga ikkje held fram med drifta.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggende transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettviseande bilde.

Vi kommuniserer med dei som har overordna ansvar for styring og kontroll mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og når revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betyding som vi har avdekkta i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheter av betyding i den interne kontrollen.

## Utsegn om andre lovmessige krav

### Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysingane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresethaden om at drifta skal halde fram og framlegget til bruk av overskotet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

### Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell

# Deloitte.

informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av stiftinga sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

#### *Konklusjon om utdeling og forvaltning*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at forvaltinga av stiftinga og utdelingane er i samsvar med lov, stiftinga sitt føremål og vedtekter.

Førde, 22. februar 2017

Deloitte AS



Rune Norstrand Olsen  
Statsautorisert revisor

# Gåver til allmennytige føremål

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane skal vidareføre sparebanktradisjonane, mellom anna ved å gje gåver til allmennytige føremål. Gjennom gåvetildelingane skal vi gjere Sogn og Fjordane til ein rikare og betre plass å vere, gjennom å fremje verdiar som **mangfold, trivsel og utvikling**.

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane vidareførte i 2016 dei to søkerstidene 1. mars og 1. september, i tillegg til ordninga «forenkla søker» med forløpende søkerstid.

Av gåvemidlane vart ca 5,4 millionar tildelt i søkerstidene på våren, og 2,0 millionar kroner i haust-runden. Ca. 0,6 millionar kroner vart tildelt forløpende i kategorien «forenkla søker», medan allmennytige prosjekt initiert av stiftinga sjølv representerte tildelingar på kring 10,8 millionar kroner.

Sparebankstiftinga har vidareført satsinga på breiddgåver til det mangfoldige organisasjonslivet i fylket, av di vi meiner desse utgjer grunnmuren i den allmennytige aktiviteten i fylket vårt. Det er dessutan eit mål at gåvene skal utløse meir aktivitet, og at fleire engasjerer seg i og tek ansvar for at fylket vårt blir ein enda betre plass å bu. Ved å kanaliser stiftinga sine gåvemidlar gjennom organisasjonslivet, vert midlane multiplisert gjennom den frivillige innsatsen og den trivselen som organisasjonane genererer, noko vi meiner gir eit fornuftig og positivt samfunnsrekneskap.

I tillegg til stor fokus på breiddgåver har Sparebankstiftinga ytterlegare styrka sitt engasjement for næringslivet i fylket i 2016. Dette har vore gjort gjennom gåvetildelingar til forskings- og utdanningsføremål, tiltak for å løfte heile næringssektorar og kompetansehevande tiltak for ulike næringsområde. Sparebankstiftinga vurderer i høgste grad næringsskiping i fylket som allmennytig og ein sentral del av verdiskaping for mangfold, trivsel og utvikling, men stiftinga sine gåvetildelingar skal ikkje vere konkurransevidande og skal ikkje fremje aksjonærar eller einskildpersonar. Med unnatak av kåringa «Årets Gründer» har difor ingen einskildbedrifter motteke gåver til si verksemد.

Sparebankstiftinga tildelte gåver for til saman ca 17,6 millionar kroner i 2016. Av dei 692 søkerane stiftinga fekk inn digitalt i løpet av året, vart det søkt om til saman 67,5 millionar kroner. 167 av

dese søkerane vart tildelt gåver frå stiftinga. Snitt-tildelinga var såleis om lag 40 800 kroner per gave.

## NOKRE AV GÅVENE I 2016

På side 15 og 16 er ei oversikt over tiltak/organisasjonar som fekk gåver frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane i 2016. Men for å gje eit lite bilete på kva stiftinga ønsker å utrette med gåvetildelingane, trekkjer vi fram nokre få døme her:

### Utdanning: «Climate change management»

Utdanning er eit felt Sparebankstiftinga har hatt ei tydeleg satsing på, då vi meiner at ei styrking av studietilbod som er populære blant studentar og attraktive for lokalt næringsliv er ein effektiv måte å behalde og trekke til seg kloke hovud for framtida. Sparebankstiftinga har difor gitt betydelege bidrag både til oppstart av nye utdanningstilbod og til forsknings- og utviklingsprosjekt i fylket. Sparebankstiftinga tok også initiativ til å fortsetje denne satsinga med 10 millionar kroner dei neste åra, til nye utdanningstilbod tilpassa lokalt næringsliv.

Høgskulen i Sogn og Fjordane tok utfordringa på strak arm, og lanserte planane om sitt nye studium «Climate change management»: klimaendringane føresett at vi planlegger og konstruerer bygningar, vegar, jamvel byar på ein ny måte, og studiet tilbyr som første studium i Noreg slik kompetanse. Sparebankstiftinga ga ei gave på 990 000 kroner til ei sentral forskings- og utdanningsstilling i studiet.

### Næringstiltak - Hydrogensatsing

Dette er eit godt døme på korleis Sparebankstiftinga tenkjer og arbeider mot overordna næringstiltak:

Sogn og Fjordane fylkeskommune tok i 2015 kontakt med stiftinga i samband med utarbeiding av ein eigen strategi på satsingsområdet hydrogen, for å avdekke kva som skulle til for å posisjonere fylket i høve til å kunne bidra til «det grøne skiftet» gjennom auka produksjon og bruk av hydrogen som drivstoff. Hydrogen er eit heilt reint drivstoff med vatn som «eksos», og kan transporterast til heile verda. Det krevst mykje elektrisk kraft for å produsere hydrogen, og marknaden er enno ikkje fullt utvikla.



Frå overrekkinga av gåva på Hydrogenkonferansen 2016 i Florø. F.v.: kultursjef i Sparebankstiftinga Pål Fidjestøl, fylkesordførar Jenny Følling, banksjef bedriftsmarked SSF Tom Staveteig, kultur- og næringssjef Jan Heggheim og prosjektleiar for hydrogenprosjektet Elisabet Kjærstad Bøe. (Foto: David E. Antonsen, Firdaposten.)

Strategidokumentet avdekte at fylket har ressursar innan alle naudsynte ledd i «verdikjeda», men ei kommersialisering kravde forprosjekt på dei ulike forretningsområða. Fylket vårt har ein stor rein vasskraftproduksjon, eit kompetent næringsliv, hensiktmessig infrastruktur og politisk vilje til å satse. Sparebankstiftinga syntes fylkeskommunen sitt arbeid så langt og ambisjonar om å ta ei leiande posisjon på dette området var imponerande, og støtta difor fem ulike pilotprosjekt med 1,9 millionar kroner over 3 år. Vonaleg vil desse utløyse det mangedoble i investeringar frå private aktørar på prosjekta som har størst potensiale i åra framover. Om dette resulterer i kommersiell produksjon av ferjer, bussar e.l. som går på hydrogen, produksjon av ny teknologi, hydrogenproduksjon eller alle/fleire av desse områða, vil bli klart i løpet av pilotprosjekta, men uansett har vårt bidrag ført til at Sogn og Fjordane er leiande nasjonalt og jamvel internasjonalt, i høve utviklinga av hydrogen som energiberar og dermed yte eit stort bidrag mot nullutsleppssamfunnet.

#### Breidddegåver som fundament

Breidddegåver til organisasjonslivet i Sogn og Fjordane utgjer «grunnmuren» i Sparebankstiftinga sin gåvestrategi. Gjennom gåvemidlane

utløyser stiftinga uvurderleg verdiskaping gjennom tusenvis av dugnadstimar over heile fylket, som ofte er sjølvé hjørnestenen i organisasjons- og kulturtildobet på mindre stader.

Breidddegåvene handlar like mykje om verdsetjing av denne enorme dugnadsinnsatsen som om pengesummane. Sjølv små kronesummar kan difor utløyse den mangedoble verdien i dugnadsinnsats og/eller bidrag frå andre partar.

Gåva til Fjelli Ungdomslag i Stryn kan representere dei mange døma på slike gåver: ungdomslaget fekk pålegg om å rette opp feil i det elektriske anlegget i lagshuset sitt Fjellvarden. Dette truga alle aktivitetane på Fjellvarden med øvingar, basarar, julearrangement, framsyningar, møter osb. På toppen av dette fekk dei vassinntrenging i kjellaren vinterstid. Kostnadane var i overkant av det ungdomslaget hadde kapasitet til, samstundes var dei for låge til å kunne utløyse spelemidlar via fylkeskommunen. Problema vart dermed fiksa takka vere ei gåve frå Sparebankstiftinga på 25 000 kroner og ikkje minst eit hundretals dugnadstimar frå lagsmedlemane i løpet av sommaren, slik at Fjellvarden kunne oppretthalde lagshustilbodet for bebuarar og vitjande til Fjelli.



Eikefjord Skulemusikk med Ytre Suløen på Eikefjorddagane. (Foto: Oddveig Tonheim.)

Gjennom stiftinga sin gävestrategi har stiftinga prioritert følgjande tiltak:

- Prosjekt og organisasjoner som arbeider for og med barn og ungdom.
- Prosjekt og organisasjoner drive av frivillige.
- Tiltak og investeringar med langvarig verdi og nytte for lokalsamfunnet skal prioriterast framfor kortvarige aktivitetar, arrangement og prosjekt.
- Lokalt forankra prosjekt skal prioriterast framfor større, fylkesdekkande prosjekt i situasjonar der vi har avgrensa midlar til fordeling.
- Prosjekt og organisasjoner som har klåre visjonar og tankar bak sine tiltak.

Det vert ikkje gjeve støtte til:

- Politiske parti eller føremål som kan utnyttast i politisk samanheng.
- Næringsverksemdunder eller prosjekt i regi av kommersielle selskap der det ikkje er tydleg avklara korleis selskapet handterer eit eventuelt overskot av prosjektet, eller der det er uklårt om det ligg kommersielle interesser bak.
- Typiske offentlege oppgåver.
- Lukka medlemsorganisasjonar.
- Religionsutøving
- Prosjekt som er påbegynt eller fullført før søknadsfristen.

Søknader om rein driftsstøtte (lønn, husleige og andre driftskostnader) vil normalt verte prioritert etter søknader om tiltak og investeringar med langvarig verdi og nytte for lokalsamfunnet.

Søkarar som av ulike grunnar ønskjer å halde søknaden sin utanfor ålmenta, skal respekterast. Alle tildelte beløp er likevel offentlege.

Avslag på gävesøknader vil ikkje bli grunngjeve. Søknadsskjema og søknadsfristar blir kunngjort på stiftinga sine heimesider.